

Årsmelding 2006

Nordvestlandets foreldrelaget for hørselshemma har holdt 6 styremøter i 2006. Styret har behandla 29 saker og styret har vore sammensett slik:

Leder og sekretær-Jarl Martin Møller
Nestleder m/ansvar for tilskudd - Irene R. Hjelle
Kasserer-Johannes Hagebø
Styremedlem- Martha M. Farstad
Styremedlem-Sølvi Dimmen
Fast vara- Rolf Pedersen

Aktuelle arbeidsoppgåver for styret har i 2006 vore arbeid med økonomi, tilrettelegge medlemssamlingar og stå føre løpande drift.

Eit viktig arbeidsmål har vore økt fokus på tilskuddsinntekter for foreldrelaget. Ansvar for å søke tilskudd er i dag lagt til ein person i styret, nestleder. Regnskapet viser ei økning i tilskuddsinntektene på kr 9000.- som tyder at omlegginga har slått positivt ut.

Regnskapet viser at foreldrelaget gjekk på eit underskot på drifta på kroner 1566.- i 2006. Hovudårsak er svikt i refusjonar frå sentrale organisasjonar og medlemskontigent.

Foreldrelaget merkar at inntekter/tilskudd frå sentrale organisasjonar sviktar. I tillegg har styret motteke "klager" på at ein syntes at kontigenten er for høg. Styret har diskutert saka nøye og sett ned eiga prosjektgruppe som har arbeidd med kontigentspørsmålet. Prosjektgruppa legg fram endringsforslag for kontigentsatsar på årsmøtet 2007.

Foreldrelaget har ellers i 2006 fått tildelt eige organsisjonsnummer og fått nytt design på heimesida.


Medlemsmassen til foreldrelaget for 2006 var på 14 medlemsfamilier 2 æresmedlemmer og 6 støttemedlemmer . Endringar frå sist år (2005) er – 4 medlemsfamilier og -6 støttemedlemmer. Totalt har foreldrelaget mist 7 medlemsfamilier dei to siste åra.

Den årlege familiesamling vart gjennomført 13-15 oktober i Ålesund i forbindelse med Døves Kulturdager.

Av andre sosiale aktivitetar tok Foreldrelaget initiativ til ei tolka forestilling av :

Fru Pigalopp
Jul i Blåfjell

For styret i Nordvestlandets Foreldrelag for hørselshemma


Jarl Martin Møller
Leder.